



Ingrid Hitland
BIR Ressurs AS, Lundegårdskaien 42
5015 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/51 - 23/13886

Saksbehandlar:
Terje Kallekleiv
terje.kallekleiv@osteroy.kommune.no

Dato:
14.06.2023

Tilbakemelding på forslag til trasè for ny leidning og driftsveg frå Mjelstad deponi

Vi har vurdert alternativet me fekk tilsendt 12.05.2023 – også med vurderingar frå møte me hadde 31.05.23 der også vegkontoret frå Vestland fylke deltok.

Vår konklusjon er følgjande:

1. Det opphavlege forslaget kommunen fekk tilsendt hausten 2022 synest me gjev for store og synlege terrenginngrep og vurderer difor alternativet som ikkje ønskjeleg
2. Alternativet som etablerer nye tiltak på fulldyrka innmark er heller ikkje ønskjeleg
3. Alternativet som ligg langs fylkesvegen vurderer administrasjonen som det beste alternativet. Likevel må val av trasè ikkje få store konsekvensar for fylkesvegen – særleg der vegen ligg på massar med liten bereevne.
4. Eit anna relevant alternativ er eksisterande trasè, men som krev pumpe - og fordrøyningsmagasin som tek høgde for oppsamling av avløp ved driftsstans.

Administrasjonen har vurdert ein trasè langs fylkesvegen og har lagt ved eit forslag som i større grad tek omsyn til fylkesvegen. Langs grøn linje er det - så langt vi kan vurdere - massar med høg bereevne. Langs rød linje – massar med svak bereevne. Vi foreslår ein trasè langs fylkesvegen der det vert teke omsyn til vegen sin bereevne. Jo svakare bereevne, jo lenger bort frå vegen bør nye tiltak gjennomførast. Vi vil setje stor pris på om de vil vurdere vegalternativet nærare på bakgrunn av våre kommentarar.

Med helsing

Terje Kallekleiv
rådgjevar
Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

ADM_Internt forslag

Kopi til:

Thorstein Holtskog

Cowi, Rennesøygata 12 5537

HAUGESUND